



DET NORSKE TEATRET



RAGNHILDTRÉET


Da eg vart spurd om å skrive eit "skodespel" eller ein scenetekst til framføring ved 1100-årsminnet om Noregs samling til eitt rike, kjendest det som ei uløyseleg og halsbrekkdande oppgåve eg helst ville skrive frå meg. Å skrive eit skodespel om Harald Hårfagre og Hafrsfjord ville måtte ende i pastisj eller ufrivillig parodi, — om ein ikkje som Johan Borgen i "Vikingar" medvite la det opp som parodi. Vår vikingefortid med berserkar-brøl og skjoldgny er på ein måte kompromitert som dramatisk stoff, — det er eit vågestykke å gje seg i kast med det.


Eg skauv tanken frå meg, men han ville likevel ikkje sleppe taket. Med skepsis og motvilje tok eg på nytt til å lesa norrøn litteratur og vart heilt fanga inn i ei verd som verka framand og sterk, men som eg likevel kjende vi har djupe røter i, anten vi vil vedgå det eller ikkje. Knappe liner med monumental suggestiv biletkraft; Voluspå, Håvamål og skaldekvad opna inn til denne verda, — poetiske, kraftfulle lovtekster let landskap og folkeliv skimte fram og kasta fascinerande lys over framvokster frå jeger- og fiskartilvære til samfunn under lov og rett: små einskapar styrde av hovdingar går opp i større, styrde av kongar. Snorres Heimskringla kom til med stram episk driv, — med sitt mylder av menneskelagnader; det mektige ruvande enkeltmenneske og den store straum av bønder, løysingar og træljar. Eg kjende det slik at einaste måten måtte vera å la denne gamle sterke norrøne diktinga koma autentisk til orde: — eg ville skape eit scenisk verk ved å flette brokkar av den inn i ein dramatisk heilskap som byrjar med Voluspå: "Om ljod bed eg alle helga lydar", og ender etter slaget på Stiklestad. Problemet vart å skape ein dramaturgisk komposisjon og finne ein stilisert form som kunne gje det mektige komprimerte stoffet scenisk uttrykk. Men stoffet verka så overveldande sterkt og patetisk at eg kjende trong til å skape ein viss avstand; derfor har eg ført inn anakronistiske element: nasjonalromantiske dikt frå førre hundreåret sagt fram av sine opphavsmenn, slik at det også iblant kjem inn eit element av tilsikta komikk. (Norrønafolk det vil fare, osb.) Eg har også for å skape avstand og perspektiv brukt salmar midt i heidenskapen ("I djupaste mørker", eit førebod om Jacobstjerna som skal stige) og Luthers salmetone på Stiklestadvalen, midt i den katolske siger over Odin og Tor.

Ragnhilds draum om det store treet er det samlande hovudmotiv: treet som hadde blodraud stamme ned-
antil, men grøn oppover og med blømande kvite greiner opp i himmelen og utover heile verda. Gjennom dei blodige hundreår fram til Stiklestad blir norske ætte- og bygdesamfunn samla til eit rike med vald og makt, men også gjennom kristendomens siger over norrøn mytologi. Hovudkonflikten er kampen mellom hovdingar og kongar, og mellom heidensk og kristen tru.

"Ragnhildtréet" er ingen freistnad på å sjå Noregs gamle historie med vår tids augo. Olav Haraldsson er ikkje skildra slik han kanskje var, ein rå, maktglad vikingekonge, men som myte og symbol, slik han lever i katolsk overlevering og norsk og norrøn folketro og dikting. Alle kongane i "Ragnhildtréet" står som symbol meir enn som reelle personar, frå Harald Hårfagre, den første rikssamlaren, — den øvste i eit krigersk kollektiv, — til Olav den heilage, som med sin martyrdød symboliserer den åndelege indre samling.

I ei tida da landet står midt oppe i eit nytt Hafrsfjordslag, kjennest det for meg rett å trekkje vår gamle





fortid fram i rampelyset. Det er ein del av oss, av vår arv, og dei fjerne men sterke ord frå dengong når fram til oss gjennom dei mange hundre år: livsvisdomen i Håvamål og i lovtekstene og den mektige undergangsprofetien i Voluspå. Visjonane i dette diktet synest i dag uhyggeleg aktuelle :

Sol mun svartne
Sig jord i hav
av himmelen kverv
klåre stjernor.
Eimen gøyser,
og elden sleikjer
Logar leikar
lukt til himmels.

Men i Voluspå ligg ei lysande von for menneskja og vår jordiske framtid :

Ser ho opp koma,
andre gongen
jord og havet
atter grønkledd.

Tormod Skagestad

Årle i old
 var det Yme bygde.
 Var ei sand eller sjø
 eller svale bylgjer;
 jord var ikkje,
 opphimmel ikkje,
 var Ginnungagap
 men gras var ikkje.



Før Burds søner baud
 bøar seg lyfte
 dei som Midgard
 mætan skapte
 Sol skein sunnan
 på steinar i sal,
 då grodde grunnen
 med grønna lauk.

Sol kom sunnan
 syster åt månen,
 slo høgre handa
 om himmelhestar
 Sol ikkje visste
 kva salar ho åtte.
 Måne ei visste
 kva makt han åtte.
 Stjerner ei visste
 kva stader dei åtte.



(Frå "Voluspå")

Eit under alle det kallar
 ikkje lite, at sola,
 endå skylaus, ikkje,
 orka folk å varme.



Stort var teiknet som timdest
 tjodkongen, at dagen
 den fagre leten sin lata
 laut; eg spurde det auster.


(Frå Snorre Sturlason:
 Olavs saga.)



Dag er på himlen komen,
 hanen vengjom skakar,
 tid er for træljar,
 å taka til arbeid.
 Vakne alle, vakne
 vener gode.
 Eg vekkjer dykk ikkje til vin
 eller til vivs kviskring,
 heller eg vekkjer til harde
 Hildarleiken.

(Frå Snorre Sturlason:
 Olavs saga.)





Hugfast vandra han
vegen tronge,
sonen hans Harald
til himmerike,
alt til den herlege
heilag vart.

Der no ligg
lovsungne hovding
skuldlaus og rein
med skadelaus kropp
som på levande mann
må du skoda
hår og negler
på han veks.

Tidt av seg sjølv
bjølleljomen
let så fagert;
der folket kan
kvar dag høyra
klokkeklangen
over kongemannen.

Og der oppe
over altaret
til Kristi ære
kjerteljos brenn.
Så har Olav
før han andast
syndelaus
sjela berga.

Der kjem krypande
kroplingeflokken,
dit som den heilage
herren kviler.
Blinde i mengd,
og mållause
hit dei søkjer
og går heile ifrå.

(Frå Snorre Sturlason:
Olavs saga.)





RAGNHILDS DRAUM

Dronning Ragnhild drøynde store draumar. Ho var ei klok kvinne. Ein gong drøynde ho at ho tykte ho stod ute i hagen sin og tok ein torn ut av serken. Og medan ho stod og høltd på tornen, voks den slik at den vart ein lang tein, og den eine enden nådde jorda og røtte seg straks, og like etter var den andre enden av tréet høgt oppe i lufta; så tykte ho tréet var så stort at ho nesten ikkje kunne sjå toppen på det, og det var eit under så tjukt som det var; nedste delen av tréet var raud som blod, og treleggen oppetter var fager og grøn, men oppe i greinene var det snøkvitt; det var mange store greiner på tréet, nokre langt oppe og nokre langt nede og greinene var så store at ho tykte dei breidde seg over heile Noreg og enda lenger.

(Frå Snorre Sturlason:
Halvdan Svartes Saga.)

RAGNHILDTREET

Av TORMOD SKAGESTAD

Regi TORMOD SKAGESTAD
Scenografi og kostyme ARNE VALENTIN
Musikk SVERRE BERGH
Regiassistent ROLF DALENG

Kostyma utførte av RANDI SKAHJEM
Lyd MENY BLOCH
Repetitør TOR HULTIN
Inspisient KRZYSZTOF SELIGA
Rekvisitørar SIMEN REVOLD /
LISBETH NILSSEN
Sufflør ARNA HAMMERSMARK

Première torsdag den 22. juni 1972.

DEI SOM ER MED :


ØIVIND BLUNCK
SVEIN ERIK BRODAL
FRIMANN FALCK CLAUSEN
JACK FJELDSTAD
TORGEIR FONNLID
ODD FURØY
ULRIKKE GREVE
TORBJØRN HALVORSEN
RAGNHILD HILT
JOHAN KJELSBERG
LASSE KOLSTAD
MAGNE LINDHOLM
ARIL MARTINSEN
TORDIS MAURSTAD

SONGARAR OG DANSARAR :

SVENN BERGLUND
JON BERLE
LEIF BJØRNESETH
RUNAR BORGE

OLE-JØRGEN NILSEN
RAGNHILD NYGAARD
WILLIAM NYRÉN
TONE RINGEN
INGOLF ROGDE
SIRI ROM
ODD JAN SANDSDALEN
PÅL SKJØNBERG
NILS SLETTA
EVA SLETTA
HARALD HEIDE STEEN
EINAR WENES
SVERRE WILBERG
ØYVIND ØYEN

BJØRN FJELLHAUGEN
THORVILL HENRIKSEN
ROY LINDQUIST
HELGE LINAÆ
BJØRN MØRCK OLSEN



GLIMT FRÅ DEN HISTORISKE BAKGRUNNEN

"Ragnhildtréet" er ein dramatisk komposisjon av tekstuttsnitt og situasjonar med tilknytning til Noregs rikssamling og kristning. Emnet til spelet og den poetisk-dramatiske innramminga kring dei er i hovudsak henta frå antikke og norrøne litterære kjelder. Sagalitteraturen, og då fyrst og fremst Snorre Sturlasons "Heimskringla» gjer Noregs rikssamling og kristning til eit monumentalt og hugtakande drama, breiddfullt av skakande hendingar, gripande lagnader og storfelte personlegdomar. Men den som gjev seg til å studera det faktiske underlaget for denne sogedramatikken, vil oppdaga at den historiske røyndomen i røynda var endå meir dramatisk enn sogedramaet. Det er få menneske i våre dagar som veit eller tenkjer over kor miskunnslaust og hardt tilværei ofte måtte vera for mange, ja kan henda dei fleste, menneske i det gamle heidne samfunnet, det samfunnet som rikssamling og kristendom gjennom kompromisslaus kamp fekk lyft opp på eit høgre og meir menneskevenleg plan. Til dei mest uhyggelege særdraga ved det heidne samfunnet høyrde trælehaldet, visse gravleggingsseder, menneskeofring til gudane og barneutbering. I vikingtida må talet på træljar ha auka mykje ved at vikingane gjorde fangane sine til træljar og trælkvinner. Krigsfangar var fullstendig rettslause. "Støtt seiest fangen skjelva", heiter det i eddakvedet Fávnesmål. Korleis framferda mot trælkvinnene kunne vera, får vi eit skakande glimt av i eit skrift av den arabiske forfattaren Ibn Fadlan. Han var med på ei sendeferd år 822 til bulgarane, som den gongen heldt til ved Volga. Der fekk Ibn Fadlan også høve til å møta nordiske kjøpmenn som var komne på skip sør etter dei russiske elvane. Desse heldt alle saman trælkvinner som dei misbrukte tidleg og seint for alles augo. Mest inntrykk gjer likevel Ibn Fadlans skildring av gravferda til ein hovding, som vart brend på skipet sitt med klede og våpen, mat og drikk, ein hund, to hestar, to kyr, ein hane, ei høne og ei trælkvinne. Det vart spurt i flokken av trælkvinner: "Kven vil døy i lag med honom?" Ei melde seg. Med henne vart det så utført ei rad fælslege seremoniar: Ho vart m.a. skjenkt full av sterk drikk og valdteken av ei rad hovdingar etter tur før dei strøpte og stakk ho i hel og brende ho på bålet i lag med herren sin. Oseberghaugen i Noreg, som er frå om lag same tid, inneheldt som kjent skjelett av to kvinner, den eine sikkert ei dronning. Det er vel liten grunn til å tvila på at den andre kvinna også her har vori utsett for eit ritualmord. At tenarar og træljar kunne fylgja herren sin i døden, er òg omtala i eddakveda.

Menneskeofring hjå germanane er omtala alt av den romerske forfattaren Tacitus (kring 100 e. Kr.). His-




torikaren Adam av Bremen, som levde i midten av det 11. h. å., fortel at sviane heldt ein stor offerfest i Uppsala kvart niande år. Då ofra dei 9 stykke av alt levande av hankjønn. Kroppane vart hengde opp i ein lund i nærleiken. I norrøne kjelder les vi at heidningane "blota dei verste menneske og stupte dei utfor berg og hamrar". Men trua på eit mystisk samband mellom lukke-evna til kongen og årsgrøda førte til at jamvel kongar skal ha vorti ofra i uår.

Barneutbering er omtale både i sagalitteraturen og i lovene. Kjend er Are den frodes fråsegn om at islendingane tok unna rett til å halda fram med å bera ut born og eta hestekjøtt, då dei gjekk med på å føra inn kristendomen i året 1000 etter press frå kong Olav Tryggvason. Heidne seder som skulle tena livsopphaldet, hadde islendingane til å byrja med ingen hug til å slutta med. Olav den heilage skal ha vori den som fekk islendingane til å gje opp også desse leivningane av heidendom.

Rikssamlinga gjekk føre seg i heiden tid. Føremålet med den var eit politisk maktskifte, ikkje ei samfunnsomstøyping, og aller minst innføring av ein ny

religion. Men indirekte fekk rikssamlinga konsekvensar som kom til å motverka dei heidne ervesedene og la tilhøva til rettes for kristninga. Skipinga av sterkare statseiningar i dei fleste land i Nord-Europa gjorde stort sett slutt på vikingferder og private herjingar. Denne framvoksteren fekk kraftig stønad av kristendomsinnføringa. Samfunnslivet vart meir stabilt, og det vart mogeleg å skipa lovområde som ikkje berre var større enn før, men som òg greip sterkare regulerande inn i livet til den einskilde. Det vart no meir fred og dermed òg m. a. mindre tilgang på krigsfangar som kunne brukast til træljar. Men eit medviti arbeid for reduksjon og humanisering av trælehaldet i Norden kom fyrst samstundes med innføringa av kristendomen. Etter heiden tankegang var ein træl ikkje eit vanleg menneske, men ein ting på line med husdyr og reiskapar. Den idéen at kvart einaste menneske, utan omsyn til stand, hadde ei evig sjel og krav på nestekjærleik, må ha verka uhyre uvant og naiv på mange, men tilsvarande gripande på andre. Få stader er vel denne åndelege revolusjonen meir handripeleg enn i gravleggingssedene. Den heidne gravlegginga viser at livet i den andre heimen var eit framhald av det jordiske. Ved den kristne gravlegginga vert all jordisk eigedom forlaten og eit nytt liv tek til. Dei kristne døde ligg side om side på kyrkjegarden. Høg og låg, frie og træljar, alle er Guds born. Verdi for Gud har mennesket jamvel frå fyrste stund. Difor må born ikkje berast ut, men døypast og bergast inn i Guds rike. Det Gud vil ha, er ikkje hengde kroppar, men menneske med kristne seder og frelste sjeler.





Heidne og kristne i mellomalderen tenkte mykjegodt likt på den måten at for både partar er religionen i høg grad ei samfunnssak. Ikkje berre einskildmenneske, men heile riket skal kristnast. Religion vart difor politikk; og ville ein målet, måtte ein også vilja midla. Mange i nyare tid har reagert på Olav Trygvasons og Olav Haraldssons brutale form for omvendingsverksemd. Men ei rettferdig omdøming bør òg taka omsyn til både kva folk vart tvinga bort frå, og kva dei vart tvinga til. I dette ljuset tykkjest det vera grunn til fyrst og fremst å minnast kristningsverket til både Olavar med respekt og takksemd.

Harald Hårfagres gjerning var ein hovudføresetnad for Olav Haraldssons. Som renning av Hårfagreætta kunne Olav i levande live helga kravet sitt på heile riket med den retten som knytte seg til odels-tanken. Men som martyr og nasjonalhelgen vart Olav sjølv på ein ny måte ei stendig verksam påminning om rikseinskapen. Idéen om Olav den heilage som "Noregs evige konge" gjorde òg minnet om Harald Hårfagres samlingsverk heilagt og udøyeleg.

Hallvard Magerøy

Her er þar, þar er þar af
þessi sem heit er þessi

þessi þessi



þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi
þessi sem dæla vor. Hver þessi 100. 200. þessi



þessi

REPERTOARET PÅ DET NORSKE TEATRET

Hovudscenen :

DET STIG AV HAV

av Tormod Skagestad.

I "Ragnhildtréet" ser volvene i Voluspå inn i framtida og varslar Ragnarok. Det kan kjennest som om dei skildrar vår tid. Den tanken ligg til grunn for skodespelet "Det stig av hav", som følgjer etter "Ragnhildtréet". Volva har her teke Den Gamles plass under Ygdrasil og fortel :

"I den siste tid
er det Mammon byggjer.
Er ingen rein sjø
med salte bylgjor.
Grøn jord er ikkje, opphimmel ikkje,
Er ørknar av stein,
men gras er ikkje.»

Musicalen

BØR BØRSON JR.

Storsuksessen med Rolv Wesenlund som'n Bør — som vart sett av 70 000 menneske i vår — blir tatt opp att på Hovudsce-
nen frå den 19. august og blir spela med jamne mellomrom ut-
over hausten.

Vi minner om at De som abonnent kan kjøpe billetter til denne
framsyninga 2 dagar før det ordinære forsalet tek til.

Einar Økland :

ESKAPISTEN NOA

"Eskapisten Noa", som vann andreprisen i dramatikartevlinga
til Den Nationale Scene for to år sidan, er eit modernistisk dra-
ma i den absurde genre. Økland turnerer Noa-mytten med ein
logn, men ofte sarkastisk bitande humor, i eit kvardagsmiljø
frå i dag. Dristig balanserer han på knivsegga mellom det
røynelege og det fantastiske. "Eskapisten Noa" er det tredje
skodespelet av Einar Økland som Det Norske Teatret fører fram.
Premiere i november.

Scene 2 :

Erik Torstensson :

OM SJU JENTER.

Regi : Ingebjørg Sem.

Scenografi : Snorre Tindberg.

Stykket handlar om "dei udugelege" i samfunnet, om ungdoms-
narkomane og ungdomsalkoholikarar, om menneske som ikkje
orkar hengje med i kappløpet om materiell lykke. Forfattaren
rettar sin kritikk ikkje berre mot vår sosialpolitikk, men mot kvar
og ein av oss, og viser utan falsk patos korleis foreldre på
grunn av manglande kunnskapar er ute av stand til å hjelpe
barna sine. Stykket handlar om fruktene av "ein generasjon
som hata heimen" og er eit hardt, men varmt menneskeleg
dokument.

Jean-Paul. Sartre :

SKITNE HENDER

"Skitne hender", som vart urframført i Paris i 1948, står sen-
tralt ikkje berre i Sartres produksjon, men innanfor vårt hundre-
års dramatik i det heile. Hovudproblema i stykket er framleis
aktuelle : Salongkommunisten som partifunksjonær. Den intel-
lektuelle som handlingsmenneske. Er alle middel tillatne for
å nå eit politisk mål? Kan ein i det heile drive med politikk
utan å skitne til hendene sine, utan å måtte ofre dei reine
ideala til føremon for det som synest naudsynt i augneblinken?

SPELPLANEN PÅ ANDRE TEATER :



Hovedscenen :

"Loke" av Peder W. Cappelen.
Regi : Eva Skiøld — première 30. aug.
"Hvem er Ernest?" av Oscar Wilde.
Regi : Kjetil Bang-Hansen.
"Spøksonaten" av August Strindberg.
Regi : Stein Winge — première 20 sept.

Amfiscenen :

"Alice i Underverdenen" av Klaus Hagerup.
Regi : Stein Winge.
"Filantropen" av Christopher Hampton.
Regi : Janken Varden.
"Kierlighed uden strømper" av Johan Herman Wessel.
Regi : Finn Kvalem.
"Gengangere" av Henrik Ibsen.
Regi : Pål Løkkeberg.

For barn :

"En modig mygg" av Turid Balke.
Regi : Turid Balke.

Mogaland Teater

"Onkel Vanja" av Anton Tsjekov.
Regi : Sam Besekow.
"Hvem er Ernest?" av Oscar Wilde.
Regi : Merete Skavlan.



"Siste Rødgledende elsker" av Neil Simon.
Regi : Toralv Maurstad.
"40 Karat" av Pierre Barrilet / Jean Pierre Grédy.
Regi : Toralv Maurstad.
"Snushane" av Anthony Schaffer.
Regi : Terje Mærli — première ult. aug.
"En lykkelig begivenhet" av Slavomir Mrozek.
Regi : Per Theodor Haugen — première primo sept.
"Skjærgårdsflirt" folkekomedie av Gideon Wahlberg.
Regi : Erik Lassen.

Barneteatret :

"Kort og godt" — et sammensatt barneprogram.
Regi : Barthold Halle.

trøndelag teater

"Nok sex takk" av A. Marriot og A. Foot.
Regi : Håkon Qviller — première medio sept.
"Lille Eyolf" av Henrik Ibsen.
Regi : Otto Homlung.

For barna :

"Pang pang" av Ingrid Reuter Skiøld.
Regi : Randi Baalsrud.
"I Bakvendtland" — et lekespill av Alf Prøysen.
Regi : Rolf Daleng.



"Valkyrien" av Richard Wagner.
Regi : Lars Runstén — première 6. sept.
"Carmen" av Georges Bizet.
Regi : Ivo Cramér.
"Anne Pedersdotter" av Edvard Fliflet Bræin.
Regi : Lars Runsten.

SPELPLANEN PÅ ANDRE TEATER :



"Don Juan" av Molière.

Regi : Otto Homlung.

Lille Scene :

"Dengang" av Harold Pinter.

Regi : Sven Henning.

Barneteatret :

"Taremareby" av Ingebrigt Davik / Asbjørn Toms.

Regi : Arne Jacobsen.



"Catalina" av Henrik Ibsen.

Regi : Svein Erik Brodal — premiére 2. sept.

"Inger til Østråt" av Henrik Ibsen.


Regi : Elisabeth Bang — premiére 18. sept.

"Jan Pallach" av Erwin Silvanus.

Regi : Knut M. Hansson — premiére 22. sept.

"Penger i banken" av Kurt Flatow.

Regi : Jon Lennart Mjøen — premiére 14. sept.





Botman - 68